



Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS  
Kvingebakkevegen 97  
5981 MASFJORDNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1366 - 14/4976

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
05.03.2014

## Igangsettingsløyve 2 - gbnr 212/19 Eikanger nedre

**Administrativt vedtak. Saknr: 19/14**

### Vedtak

Deler av arbeid godkjent i rammeløyve av 15.10.2013. Vert no tillate sett i gang. Løyvet gjeld oppføring av lagerhall, som er delarbeid nr 4 lista opp i rammeløyvet. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Statens vegvesen sine vilkår i dispensasjon datert 12.02.2014 skal oppfyllest.
2. Endra plassering i samsvar med situasjonsplan revidert 10.02.2014 vert godkjent .

I medhald av plan- og bygningslova (pbl) §§ 23-4 til 23-6 vert søknad om ansvarsrett med funksjonar og ansvarsområde godkjent, som skildra under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Ansvarlege føretak skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk samt godkjente kontrollplanar. Arbeid må ikkje utførast utover det som er omfatta av igangsettingsløyvet.

Plan- og bygningsstyresmaktene legg til grunn at ansvarleg søkjar formidlar aktuelle krav vidare til utførande føretak.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at rammeløyvet vart gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år, jf pbl § 21-9. Fristen kan ikkje forlengast

-----  
**Saksutgreiing:**

**Søknaden** gjeld igangsettingsløyve for oppføring av lagerhall på 315 m<sup>2</sup>, som er delarbeid nr 4 lista opp i rammeløyvet. Plasseringa vert endra litt i høve til rammeløyvet.

### Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett ved rammeløyve:

| Rolle | Tk | Ansvarsområde   | Godkjent føretak                | Org.nummer | S/L | Ny |
|-------|----|-----------------|---------------------------------|------------|-----|----|
| SØK   | T1 | Ansvarleg søkar | BYGGMESTER BJØRN RUNE KVINDE AS | 954354008  | S   |    |
| PRO   | T1 | Prosjektering   | BYGGMESTER BJØRN RUNE KVINDE AS | 954354008  | S   |    |

Ved søknad om igangsettingsløyve vert også ansvarsrett godkjent for:

| Rolle | Tk | Ansvarsområde          | Godkjent føretak                | Org.nummer | S/L | Ny |
|-------|----|------------------------|---------------------------------|------------|-----|----|
| UTF   | 1  | Kai, flytebrygger      | FLY BY NIGHT AS                 | 989289306  | S   |    |
| UTF   | 2  | Grunn og terrengarbeid | NORDHORDLAND GRUNN OG BETONG AS | 990193975  | S   |    |
| UTF   | 1  | Hall i stål og plast   | NORWEGIAN WEATHER PROTECTION AS | 981537505  | s   | X  |

### Gebyr

Søknadspåpliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

|            |   |                   |
|------------|---|-------------------|
| C.5.2      | Tiltak etter Pbl § 20-1   | Gebyr             |
| C.5.2a     | Løyve til igangsetting  | Kr. 2.800,-       |
| C.5.32     | Godkjenning av føretak der det ligg føre sentral godkjenning; Kr. 1.000,- pr. stk | Kr 1.050,-        |
| <b>SUM</b> |   | <b>Kr 3.850,-</b> |

### Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket eller på e-post til [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no). I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

### Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, ikkje kan reisas utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisas når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Knut Bjørnevoll  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Hobby Boat Eiendom AS